



FJELL KOMMUNE

Økonomisjefen

DET KONGELIGE KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Postboks 8112 Dep
0032 Oslo

Dykkar ref.	Vår ref.	Saksh. – tlf.	Dato
	2007/3650 - 1586/2008	Lillian Torsvik - 56 32 65 76	23.01.2008

Sørheim-utvalet sin gjennomgang av inntektssystemet - høyringsuttale

Vi viser til motteke skriv datert 26.10.2007 om høyring vedkomande Sørheimutvalet sin rapport *Forslag til forbedring av overføringssystemet for kommunene* med høyringsfrist 28. januar 2008.

Komité for finans og forvaltning hadde saka til behandling i møte 15.01.08 og gav då slik tilråding i sak 09/08, med atterhald om endeleg vedtak i kommunestyret:

Fjell kommune sluttar seg til uttalen frå Fylkesstyra i Buskerud, Telemark og Vestfold slik det går fram av saka.

Overordna ansvar

1. Regjeringa og Stortinget har det nasjonale ansvaret for innbyggjarane si velferd. Regjeringa og Stortinget har difor ansvaret for at inntektssystemet legg til rette for at alle innbyggjarar i landet skal oppleve å få eit likeverdig nasjonalt velferdstilbod.

Skattedel

2. Rammetilskotet vert auka på bekostning av skatteinntektene slik at innbyggjartilskotet vert auka frå å utgjere $\frac{1}{4}$ av utgiftsbehovet til å utgjere minst $\frac{1}{2}$ av utgiftsbehovet.

Selskapsskatt

3. Vi støtter anbefaling om at selskapsskatten vert fjerna som kommunal inntekt. Kommunane vert kompensert for bortfall av selskapsskatten ved at kommunane sin del av skatt frå personlige skatteytarar vert auka.

Inntektsutjamning

4. Utjamninga av skatteinntektene slik Sørheim-utvalget har foreslått er ikkje tilstrekkeleg til å setja kommunane i stand til å gje alle innbyggjarane i landet eit likeverdig tenestetilbod.



SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
9/08	Komite for finans og forvaltning	15.01.2008
13/08	Kommunestyret	31.01.2008

Sørheim-utvalet sin gjennomgang av inntektssystemet - høringsuttale

Samandrag av saka:

Sørheim-utvalet la fram si innstilling til Kommunal- og regionalministeren 26. oktober 2007. Kommunane har høringsfrist til utvalet si innstilling 28. januar 2008. KFF si tilråding til vedtak vert sendt som førebels uttale med atterhald om endeleg vedtak i kommunestyret.

Innstilling:

Fjell kommune sluttar seg til uttalen frå Fylkesstyra i Buskerud, Telemark og Vestfold slik det går fram av saka.

Straume, den 07.01.2008

Steinar Nesse
Rådmann

Lillian Torsvik
kst. økonomisjef

Handsama i Komité for finans og forvaltning - 15.01.2008:

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komité for finans og forvaltning - 15.01.2008:

Fjell kommune sluttar seg til uttalen frå Fylkesstyra i Buskerud, Telemark og Vestfold slik det går fram av saka.

Dokument vedlagt saka:

Høyringsuttale frå Fylkesstyrene i Buskerud, Telemark og Vestfold.
Effekter av Sørheimutvalget – kommunene i Hordaland

Sørheimutvalget sin rapport *Forslag til forbedring av overførinssystemet for kommunene* ligg ved saka som uprenta vedlegg.

Saksopplysningar:

Sørheimutvalget vart nedsett i desember 2006. Utvalet leverte sin rapport *Forslag til forbedring av overføringssystemet for kommunene* den 26. oktober 2007.

Utvalet sitt mandat har omhandla ei vurdering av:

- skatten sin del av kommunane sine inntekter
- nivå på og utforming av inntektsutjamninga
- selskapsskatten som kommunal skatt
- regionalpolitisk grunngeve tilskot innanfor inntektssystemet
- behovet for eigne tilskot til vekst- og fråflyttingskommunar
- storleiken på skjønnsramma innanfor inntektssystemet
- ordninga med oppdatering av befolkningstal i utgiftsutjamninga
- behovet for overgangsordningar i inntektssystemet

Kommunenenes Sentralforbund har berekna effektar av Sørheimutvalget og oppsummeringa viser følgjande for kommunane i Hordaland:

- samla sett tener kommunane i Hordaland 29,6 mill det første året
- 11 kommunar taper på forslaget. Desse tapar 62,7 mill, Bergen åleine tapar 57,6 mill.
- 22 kommunar tener på forslaget. Desse tener 92,3 mill, Askøy tener mest med 13,3 mill.
- Den langsiktige vinsten for Hordaland utan inntektsgarantien er 53,1 mill. Men inntektsgarantien skal også finansierast, difor vert førsteårseffekten for Hordaland 29,6 mill. kr.
- Den langsiktige effekten gjev 22 kommunar ein positiv effekt og 11 kommunar får ein negativ effekt.
- 6 kommunar kan få vinst av nytt vekstkommunetilskot, dette er Os, Sund, Fjell, Askøy, Meland og Øygarden. Samtidig vert alle kommunane i Hordaland trekt kr. 27,- pr. innbyggjar for å finansiera ordninga, dvs. 12 mill.
- Hordaland vinn 6,8 mill av ikkje oppdaterte folketal, men dette er usikker prognose.

For Fjell kommune sin del vil effekten av Sørheimutvalget vera slik:

- Samla effekt av avvikling av kommunal selskapsskatt og auka inntektsutjamning vil gje ein effekt på 5,6 mill.
- Nytt distriktspolitisk tilskot vil ikkje gje nokon effekt
- Vekstkommune tilskot vil gje ein vinst på 7,2 mill.
- Bruk av nytt folketal 1. juli vil gje eit tap på 1,3 mill.
- Samla vinst med inntektsgaranti 1 års effekten er 9,8 mill.

Vurdering:

Rådmannen meiner at den uttalen Fylkesstyra i Buskerud, Telemark og Vestfold har gitt til Sørheim-utvalget sin rapport, kan Fjell kommune slutta seg til. Denne uttalen tek opp dei same utfordringane som Fjell kommune har som vekstkommune.

Rådmannen rår difor til at Fjell kommune gjev slik uttale til Sørheimutvalget sin rapport om gjennomgang av inntektssystemet:

Overordna ansvar

1. Regjeringa og Stortinget har det nasjonale ansvaret for innbyggjarane si velferd.
Regjeringa og Stortinget har difor ansvaret for at inntektssystemet legg til rette for at alle innbyggjarar i landet skal oppleve å få eit likeverdig nasjonalt velferdstilbod.

Skattedel

2. Rammetilskotet vert auka på bekostning av skatteinntektene slik at innbyggjartilskotet vert auka frå å utgjere $\frac{1}{4}$ av utgiftsbehovet til å utgjere minst $\frac{1}{2}$ av utgiftsbehovet.

Selskapsskatt

3. Vi støtter anbefaling om at selskapsskatten vert fjerna som kommunal inntekt.
Kommunane vert kompensert for bortfall av selskapsskatten ved at kommunane sin del av skatt frå personlige skatteytarar vert auka.

Inntektsutjamning

4. Utjamninga av skatteinntektene slik Sørheim-utvalget har foreslått er ikkje tilstrekkeleg til å setja kommunane i stand til å gje alle innbyggjarane i landet eit likeverdig tenestetilbod.

Vi anbefaler at den symmetriske delen av inntektsutjamninga vert auka slik at kompensasjonsgrad og trekkprosent blir 75 %.

Kommunar med skatteinntekt under 90 % av landsgjennomsnittet skal som Sørheim-utvalget foreslår, samla kompenserast med 95 % av differansen mellom egne skatteinntekter og 90 % av landsgjennomsnittet. Disse kommunane vert difor i tillegg til kompensasjonen i den symmetriske delen kompensert for 20 % av differansen mellom egne skatteinntekter og 90 % av landsgjennomsnittet i ein tilleggskompensasjon. Finansieringa av tilleggskompensasjonen skjer ved at alle kommunar vert trekt eit likt beløp pr. innbyggjar.

Distriktpolitisk tilskot

5. Vi støtter utvalet si anbefaling om å samle regionalpolitiske tiltak i eitt distriktpolitisk tilskot og at det distriktpolitiske tilskotet vert kopla til det distriktpolitiske virkemiddelområdet.
6. Kompensasjon for auka sats for arbeidsgjevaravgift etter tilbakeføring av ordninga med differensiert arbeidsgjevaravgift vert overført frå skjønsmidlane og lagt inn som eigen kolonne i det distriktpolitiske tilskotet.

Befolkningsoppdatering og vekst

7. Vi anbefaler at Regjeringa opprettheld oppdateringa av innbyggjartal ved at både fordeling av innbyggjartilskot og utgifts- og inntektsutjamninga vert basert på innbyggjartal pr. 1. januar i budsjettåret.
8. Kommunar som taper på oppdaterte befolkningstal skal få kompensert dette gjennom ein sentral avsetning og fordeling i skjønsmiddelramma. Dette vert fordelt samtidig med omfordelinga av rammetilskotet.
9. Vi støtter utvalet si anbefaling om eit eige veksttilskot.

Skjønsmidlar

10. Vi støtter utvalet si anbefaling om ei opprydding i skjønsmiddelramma.
11. Det vert vist til punkt 6 ovanfor. Kompensasjon for auka sats for arbeidsgjevaravgift etter tilbakeføring av ordninga med differensiert arbeidsgjevaravgift vert overført frå skjønsmidlane og lagt inn som eigen kolonne i det distriktpolitiske tilskotet.

Overgangsordninga

12. Vi anbefaler at dagens overgangsordning hel fram.

Andre forhold

13. Vi anbefaler at det vert gjennomført ei særskilt vurdering av spesielle utfordringar for dei største kommunane. Inntil man har betre kunnskap om dette, kan det innførast eit eige storkommunetilskot. Framtidige gjennomgangar og analyser av inntektssystemet fører til at kostnadsnøkane stadig gjev betre uttrykk for utgiftsbehovet. Dette må htakast omsyn til ved seinare vurderingar av storkommunetilskotet.

Samanblanding av utgiftsutjamning og inntektsutjamning må avvisast, slik at udokumenterte oppfatningar om utgiftsbehov ikkje vert tillagt vekt ved fastsetting av nivået på inntektsutjamninga.

14. Den økonomiske ramma for 2009 vert auka reelt så mykje at det kan innførast kompensasjonsordningar til kommunar som får inntektsramma redusert i vesentlig omfang som følge av endringane i inntektssystemet.

Vi anbefaler at den symmetriske delen av inntektsutjamninga vert auka slik at kompensasjonsgrad og trekkprosent blir 75 %.

Kommunar med skatteinntekt under 90 % av landsgjennomsnittet skal som Sørheimutvalget foreslår, samla kompenserast med 95 % av differansen mellom egne skatteinntekter og 90 % av landsgjennomsnittet. Disse kommunane vert difor i tillegg til kompensasjonen i den symmetriske delen kompensert for 20 % av differansen mellom egne skatteinntekter og 90 % av landsgjennomsnittet i ein tilleggskompensasjon. Finansieringa av tilleggskompensasjonen skjer ved at alle kommunar vert trekt eit likt beløp pr. innbyggjar.

Distriktpolitisk tilskot

5. Vi støtter utvalet si anbefaling om å samle regionalpolitiske tiltak i eitt distriktpolitisk tilskot og at det distriktpolitiske tilskotet vert kopla til det distriktpolitiske virkemiddelområdet.
6. Kompensasjon for auka sats for arbeidsgjevaravgift etter tilbakeføring av ordninga med differensiert arbeidsgjevaravgift vert overført frå skjønsmidlane og lagt inn som eigen kolonne i det distriktpolitiske tilskotet.

Befolkningsoppdatering og vekst

7. Vi anbefaler at Regjeringa opprettheld oppdateringa av innbyggjartal ved at både fordeling av innbyggjartilskot og utgifts- og inntektsutjamninga vert basert på innbyggjartal pr. 1. januar i budsjettåret.
8. Kommunar som taper på oppdaterte befolkningstal skal få kompensert dette gjennom ein sentral avsetning og fordeling i skjønsmiddelramma. Dette vert fordelt samtidig med omfordelinga av rammetilskotet.
9. Vi støtter utvalet si anbefaling om eit eige veksttilskot.

Skjønsmidler

10. Vi støtter utvalet si anbefaling om ei opprydding i skjønsmiddelramma.
11. Det vert vist til punkt 6 ovanfor. Kompensasjon for auka sats for arbeidsgjevaravgift etter tilbakeføring av ordninga med differensiert arbeidsgjevaravgift vert overført frå skjønsmidlane og lagt inn som eigen kolonne i det distriktpolitiske tilskotet.

Overgangsordninga

12. Vi anbefaler at dagens overgangsordning hel fram.

Andre forhold


13. Vi anbefaler at det vert gjennomført ei særskilt vurdering av spesielle utfordringar for dei største kommunane. Inntil man har betre kunnskap om dette, kan det innførast eit eige storkommunetilskot. Framtidige gjennomgangar og analyser av inntektssystemet fører til at kostnadsnøklane stadig gjev betre uttrykk for utgiftsbehovet. Dette må htakast omsyn til ved seinare vurderingar av storkommunetilskotet.

Samanblanding av utgiftsutjamning og inntektsutjamning må avvisast, slik at udokumenterte oppfatningar om utgiftsbehov ikkje vert tillagt vekt ved fastsetting av nivået på inntektsutjamninga.

14. Den økonomiske ramma for 2009 vert auka reelt så mykje at det kan innførast kompensasjonsordningar til kommunar som får inntektsramma redusert i vesentlig omfang som følgje av endringane i inntektssystemet.

Vedlagt kopi av samla saksframstilling med vedtak.

Med helsing



Lillian Torsvik
Kst. økonomisjef

Kopi til: Kommunenes Sentralforbund
Postboks 1378 Vika
0114 Oslo

Hordalandsbenken på Stortinget